

# Det Norske Misjonsselskaps samarbeid med St. Olav Church i Durban: historia om visjonen som brast

ODD MAGNE BAKKE

St. Olav Church i Durban har sin bakgrunn i kyrkjelyden som vart grunnlagt i 1880 for å arbeide blant skandinaviske settlarar og sjømenn. Misjonærar utsende av Det Norske Misjonsselskap (NMS), som var stasjonerte i Durban, har i store delar av kyrkja si historie gjort presteteneste der ved sidan av den ordinære misjonærtjenesta. Frå 1968 stilte NMS ein misjonsprest i full stilling til disposisjon for kyrkjelyden, og i 1976 vart samarbeidet mellom St. Olav Church og NMS formalisert gjennom ei avtale. Dette samarbeidet var ikkje uproblematisk då St. Olav på lik linje med andre kvite settlarkyrkjer valde å ikkje slutte seg til den svarte lutherske kyrkja. NMS stod dermed i fare for å legitimere og halde ved like splittinga mellom svarte og kvite lutherske kyrkjer i Sør-Afrika, noko som kunne bli oppfatta som indirekte støtte til apartheidideologien- og politikken. Det var ei rådande oppfatning i Evangelical Lutheran Church of Southern Africa (ELCSA), og også i Det lutherske verdsforbund, at det primært var på grunn av rasistiske haldningar at dei kvite kyrkjene ikkje aksepterte å bli ein del av den svarte lutherske kyrkja. På generalforsamlinga i Det lutherske verdsforbund i



1977 vart holdninga til apartheidspørsmålet erklært for å vere "status confessionis." Det vil seie at det er eit vedkjennings-spørsmål. Eller uttrykt på ein annan måte: apartheid er heresi og kan ikkje sameinast med kristen tru.

Denne artikkelen vil undersøke korleis NMS grunn gav samarbeidet med St. Olav, kva målsettingar eller visjonar organisasjonen hadde med dette, og i kva grad desse målsettingane og visjonane vart realiserte. Sidan denne tematikken er så knytt opp til apartheidspørsmålet vil artikkelen også bidra til å kaste lys over organisasjonen og ein skilde misjonærars haldning til og eventuelle markering i forhold til apartheid.

Det er nødvendig å ha noko bakgrunnskjennskap til luthersk misjonshistorie i Sør-Afrika og til framveksten og organisering av ELCSA for å skjønne delar av det sakskomplekset artikkelen skal ta for seg. Derfor blir det innleiingsvis gjeve ein kort oversikt over dette. Det blir imidlertid føresett at lesaren har kjennskap til hovudlinjene i apartheidideologien- og politikken slik denne vart gjennomført på 1970- og 80-talet.<sup>1</sup>

### **Kort om luthersk misjonshistorie og framveksten av lutherske kyrkjer i Sør-Afrika**

Dei første lutherske kyrkjelydane i Sør-Afrika vart grunnlagt av tyske og skandinaviske settlarar i det 18. og 19. hundreåret. Frå midten av 1800-talet starta ei rekkje europeiske og amerikanske misjonsorganisasjonar opp arbeid i landet, hovudsakleg i Natal/Zululand og i Transvaal. NMS var ein av desse. Dei ulike misjonsorganisasjonane opererte relativt sjølvstendig både i forhold til kvarandre og dei allereie eksisterande kvite settlar-kyrkjene. Ein konsekvens av dette var at då svarte afrikanarar gjekk over til kristendommen oppstod det eit lappeteppe av ulike "nasjonale" misjonskyrkjer; norske, svenske, tyske og amerikanske misjonskyrkjer. Særskilt gjorde dette seg gjeldande i Natal/Zululand kor ein fann den tettaste konsentrasjonen av lutherske misjonærar i landet.<sup>2</sup> I første halvdel av det 20. hundreåret starta ein prosess som førte fram til sjølvstende for misjonskyrkjene på 1950-talet. Kyrkjene vart i det minste formelt sjølvstyrte under nasjonal leiarskap.<sup>3</sup> Dei europeiske misjonærane tok litt seinare initiativ til å samle alle dei svarte kyrkjene i ei luthersk kyrkje. Svenske og norske misjonærar



argumenterte for at også dei kvite settlarkyrkjene skulle bli ein del av fusjonen. På eit møte som fann stad i 1959 med delegatar frå dei ulike misjonsorganisasjonane, dei svarte misjonskyrkjene og dei kvite settlarkyrkjene, var det eit mindre radikalt alternativ som fekk gjennomslag. Møtet samla seg om eit vedtak om å etablere fleire regional kyrkjer, og i dei følgjande fem åra såg fem kyrkjer dagens lys. Ein skal merke seg at region ikkje berre refererte til geografi, men at det også gjekk på språk og etnisitet. Blant desse var regional kyrkja i Natal/Zululand, the Evangelical Lutheran Church of Southern Africa – South Eastern Region (ELCSA-SER) kor NMS var ein viktig samarbeidspartnar.<sup>4</sup> Noko overraskande valde ikkje ELCSA-SER ein zulu til sin første biskop, men den svenske misjonæren Helge Fosseus. Ingen av dei kvite kyrkjene i Natal slutta seg til regional kyrkja. Ein fekk altså ein situasjon med fem sjølvstendige regional kyrkjer med nesten berre svarte medlemmar, medan nokre tyske settlarkyrkjer danna ei form for regional kyrkje. Etter kvart vaks det fram ei aukande erkjenning blant dei svarte kyrkjene om ein mogeleg samanheng mellom apartheid og etableringa av rasedelte kyrkjer, og at situasjonen med etnisk delte kyrkjer kunne gje inntrykk av at lutheranarane støtta ideologien og politikken til apartheidregimet.<sup>5</sup> Denne erkjenninga medførte at det frå byrjinga av 1970 talet vart gjennomført omfattande diskusjonar og forhandlingar med sikte på å samle kvite og svarte lutheranarar i ei kyrkje. Men dette forsøket mislukkast, ingen av dei kvite kyrkjene ville gå saman med dei svarte regional kyrkjene for å etablere ei ny luthersk nasjonal kyrkje. Då valde dei svarte regional kyrkjene på eiga hand å slå seg saman i ein ny kyrkjeorganisasjon med det resultat at Evangelical Lutheran Church Southern Africa (ELCSA) vart etablert i 1975.<sup>6</sup> Det var i denne perioden med omfattande forhandlingar mellom svarte regional kyrkjer og dei kvite settlarkyrkjene, at NMS fornya og styrka samarbeidet med St. Olav Church.

### **Kort historisk bakgrunn om St. Olav Church**

St. Olav Church har, som alt nemnt, sin bakgrunn i kyrkjelyden som vart grunnlagt i 1880 for å arbeide blant skandinaviske settlarar og sjømenn i Durban.<sup>7</sup> Den drivande krafta bak dette var den svenske misjonær og pastor Flygare. Snart utgjorde per-



sonar med baptistiske synspunkt fleirtalet i kyrkjelyden, og ei gruppe lutheranarar gjekk derfor ut. Desse lukkast med å skaffe midlar til å bygge ei ny kyrkje, og i 1892 stod kyrkja ferdig reist i Winder Street. Fram til 1922 gjorde NMS-misjonærar teneste som prestar i kyrkjelyden. Då NMS fann det vanskeleg å stille prest til disposisjon for kyrkjelyden, gjekk Sjømannsmisjonen tyngre inn og skaffa prest. I følgje Nils Monstad (1922-2011) var det eit godt og fruktbart samarbeid mellom Sjømannsmisjonen og Den norske kyrkja i Durban. Dette var ein norsk kyrkjelyd med norsk som språk. Etter kvart oppstod det problemet at etterkommarane av norske settlarar ikkje skjønnte – eller i alle høve skjønnte lite – norsk. Løysinga vart at Sjømannsmisjonen trakk seg ut og etablerte sitt eige arbeid for sjøfolk i 1962, medan den norske kyrkja gjekk meir og meir over til å bruke engelsk som sitt språk. Kyrkjelyden bestemte seg i 1968 for å flytte kyrkja frå Winder Street til Den norske forening sin eigedom i St. Thomas Road, og vart frå då av kalla St. Olav Church. Men offisielt var namnet heile tida The Norwegian Lutheran Church. Kyrkjelyden valde biskopen av Oslo som sitt åndelege overhovud, som dermed hadde ansvar for å føre tilsyn med kyrkjelyden. Flyttinga til eigedommen til Den norske forening reflekterer den tette kontakten det var til det norske settlarmiljøet, og at kyrkjelyden utgjorde eit viktig element i det norske miljøet i Durban. Frå dette årstalet vart NMS på nytt formelt involvert i kyrkjelyden ettersom misjonsprest Nils Monstad vart løyst frå oppgåvene sine som misjonær på Umpumulo og stilt til disposisjon for St. Olav. Han kommenterer dette sjølv med å påpeike at ”en gammel linje ble trukket opp igjen”.<sup>9</sup> Biskop Fosseus i ELCSA-SER oppfordra NMS til å gå så pass tungt inn i St. Olav fordi det kunne vere med på å knytte kyrkjelyden nærmare til dette bispedømet i den svarte lutherske kyrkja. Biskopen meinte med andre ord at det ville vere god strategi av NMS å styrke samarbeidet med kyrkjelyden med tanke på ei tilnærming mellom kvite og svarte lutheranarar. I følgje Jostein Nesvåg (f. 1941) var Monstad svært tent på dette. I utgangspunktet delte ikkje Landsstyret i NMS denne entusiasmen, og Monstad måtte derfor ”bruke mye tid og krefter for å rettferdiggjøre denne forflytningen overfor styret”.<sup>10</sup> Samarbeidet mellom St. Olav og NMS vart formalisert gjennom ei avtale i



1976. Her heiter det mellom anna at "The Congregation is desirous of establishing an agreement with the N.M.S. whereby the N.M.S. will endeavour as far as possible to assist the Congregation in obtaining the services of a suitable Pastor, and also whereby both parties will work in cooperation with one another to further their mutual aims in South Africa."<sup>11</sup>

### **NMS's målsetting med samarbeidet**

Men kva ville NMS med samarbeidet med St. Olav Church? NMS var jo ein organisasjon som i si sjølvforståing skulle drive misjon blant unådde folkeslag. Her var det snakk om ein kyrkjelyd for skandinavar, primært nordmenn og etterkommarar av nordmenn. Monstad argumenterer for at også det skandinaviske miljøet i Durban representerer ei stor misjonsoppgåve. "Her er en stor misjonsmark. Der må være tusenvis av skandinaver i Durban og Durban-området som bare er løst knyttet til en kirke – Den Norske eller annen kirke – eller som er uten kirke i det hele tatt".<sup>12</sup> Men som alt antyda var det også andre grunner til at arbeidet i St. Olav var viktig. Om ein tok dei rette vala kunne St. Olav bli eit vitnesbyrd om einskap og likeverd i det rasedelte samfunnet generelt, og blant splitta lutheranarar spesielt. I 1971 uttrykkjer Monstad denne tanken slik:

Kirken er åpen for alle, norsk og svensk og tysk og Sør-afrikansk for sort og hvit. Selvom der ofte er folk av andre raser som finner veien inn til vår kirke og er velkommen der, så er det ikke rimelig – i dagens Sør-Afrika – at der noen gang skal bli noen stor ikke-hvit gruppe som finner veien til St. Olav. Men kirken kan og må spille en rolle i forholdet mellom hvit og sort i dette landet, og også i samarbeidet mellom lutheranerne – splittet som de er.<sup>13</sup>

Året etter formulerer han seg enda meir visjonært om den rolla St. Olav kunne spele i tida framover: "Jeg ser det slik at denne menigheten skal innta en nøkkelstilling i fremtidens lutherske kirke i SA, stillet som den er mellom Zulukirken (hvor vi har en solid posisjon) og de hvite kirkene (tyske) – hvor vi også har gode kontakter".<sup>14</sup> Visjonen var altså at St. Olav skulle få ei forsonande rolle mellom svarte og kvite og slik fungere som rei-



skap i kampen mot apartheid. Om den i all hovudsak kvite kyrkjelyden sluttar seg til ELCSA-SER, vil det vere ein demonstrasjon av at svarte og kvite lutheranarar står saman på tvers av raseskiljene og dermed vere eit kristent vitnesbyrd mot apartheidideologien. Liknande synspunkt går att i rapportane frå dei årlege misjonærsamvera på 1970-talet.<sup>15</sup> Det er altså ikkje tvil om at misjonærene hadde store forventningar til den forsonande rolla St. Olav kunne spele mellom svarte og kvite lutheranarar, og gjennom dette vere eit instrument i kampen mot apartheidpolitikken. Håpet, eller forventninga om at St. Olav skulle få ein slik funksjon fungerte utvilsamt som legitimering for at NMS samarbeida med kyrkja. Misjonærene oppfatta seg som aktørar som gjennom forkynning og elles kunne vere med å påverke kyrkjelyden til å ta dei rette vala for at han skulle fungere som instrument for forsoning.<sup>16</sup> At misjonærene på første halvdel av 1970 talet la så stor vekt på tanken om at St. Olav skulle ha ein forsonande funksjon blant sørafrikanske lutheranarar, må først og fremst sjåast i samanheng med to forhold; dels den tiltakande sosiale og politiske spenninga i det sørafrikanske samfunnet som konsekvens av at apartheidpolitikken på 1960-og 70- talet ble meir gjennomgripande gjennomført og at motstand mot denne politikken vart slått meir brutalt ned på, og dels det pågåande arbeidet for å samle alle lutheranarar, inkludert dei kvite settlarkyrkjene, i ei nasjonal luthersk kyrkje i Sør-Afrika. Eit vesentleg argument for og motivasjonsfaktor for det sist nemnde, var at kyrkjeleg samling ville fungere som eit vitnesbyrd mot apartheidideologien.

### **År med forhandlingar**

Då ELCA-SER vart etablert i 1960 vart ikkje, som tidlegare nemnd, Den norske kyrkja i Durban med på fusjonen, noko som også var tilfelle for dei andre kvite lutherske kyrkjene i landet. På bakgrunn av det inntrykket Monstad hadde av dei norske settlarane, ville det vore overraskande om kyrkjelyden ville blitt ein del av ei svart kyrkje: "De fastboende norske her ute blir gjerne typiske sør-afrikanere samtidig som de er supernorske. Det er ofte litt komisk. Det er samtidig alvorlig at de gjerne er erkekonserverative og sant og si litt reaksjonære."<sup>17</sup> Året etter skriv han at politikk er tabu i kyrkjelyden "bortsett frå



antikommunistisk propaganda”. Styresmaktene spelte medvete på kommunistisk frykt og var svært kjappe med å karakterisere opposisjon til regimet, både internt og eksternt, som utslag av kommunistisk infiltrasjon. Denne propagandaen frå styresmaktene hadde tydelegvis fått nedslagsfelt i alle høve hos ein del av medlemmane i St. Olav. Av denne grunn blir mykje som ikkje er meint politisk, tillagt politisk innhald, skriv Monstad.<sup>18</sup> Han understrekar at medlemmane sto for ulike politiske syn, men det skin tydeleg gjennom at fleire av medlemmane var tilhengjarar av apartheidpolitikken. Då er det ikkje overraskande at ein hadde diskutert å slutte seg til føderasjonen av kvite lutherske kyrkjer – som bestod av nesten berre tyske kyrkjer. Biskop Fosseus i ELCSA-SER og NMS ved tillitsmannen hadde fråråda dette, og hadde fått kyrkjelyden til å forkaste forslaget.<sup>19</sup> Trass innslaget av medlemmar med apartheidsympatiar hadde leiinga i St. Olav fått kyrkjelyden med på å føre forhandlingar frå byrjinga av 1970-talet om å slutte seg til ELCSA-SER på spesielle vilkår, nemleg med administrativt og økonomisk sjølvstende etter same mønster som inderkyrkjene forhandla om. Det er sannsynlegvis dette som ligg til grunn for optimismen ein kan spore hos Monstad. Parallelt med forhandlingane mellom ELCSA-SER og St. Olav vart det ført samtaler mellom dei fem lutherske regionalkyrkjene om å slå seg saman i ei luthersk sørafrikansk kyrkje. Intensjonen var at St. Olav skulle oppnå semje med ELCSA-SER før etableringa av den nye lutherske storkyrkja, og så automatisk bli medlem av denne. Men det skjedde ikkje. Då ELCSA vart etablert i 1975 oppstod den situasjonen at St. Olav måtte føre framtidige forhandlingar med den nyoppretta ELCSA. Det var tydeleg optimisme blant norske misjonærar om at St. Olav ville ta steget og bli ein del av ELCSA. I rapporten frå misjonærsamveret i 1975 skriv tillitsmann Per Kørner (f. 1936): ”Vi kan bare håpe at det skritt St. Olav menighet er rede til å ta, kan bli et eksempel til etterfølgelse for andre hvite menigheter. I den vanskelige rasesituasjonen i Sør-Afrika er det av den største betydning for det kristne budskaps troverdighet at kristne av samme bekjennelse kan rekke hverandre hånden til et tillitsfullt samarbeid. Det bærer i seg et sterkt vitnesbyrd om evangeliets frigjørende kraft i en vond og vanskelig verden”.<sup>20</sup> Eit møte i kyrkjelyden gjorde eit intensjonsvedtak på



slutten av 1975 om å bli ein del av ELCSA.<sup>21</sup> Prest i St. Olav, Jostein Nesvåg (f. 1941), argumenter for i rapporten frå misjonærsamveret i 1976 at Sowetopprøret i juni dette året, der 174 svarte, hovudsakleg ungdommar, vart drepne av politi og regjeringsstyrkar, og den aukande polariseringa i samfunnet, gjer det stadig meir nødvendig at ein ikkje berre i ord og diskusjonar, men også i handling skaper forsoning. "Både som enkeltpersoner og som menighet må vi bruke de anledninger vi har. Den intensjon som menigheten har til å gå inn i fellesskapet med den stedeagne lutherske kirken (ELCSA) må sees i dette lyset. Der har uheldigvis blitt en del forsinkelser i denne saken, men vi håper nå å få se en hurtig og positiv løsning".<sup>22</sup> Nesvåg var nær å få oppfylt det han vona på i 1977. Då godtok ELCSA Church Council i prinsippet St. Olavs forslag til statuttar (a set of by-laws), men fordi "the adoption of these draft by-laws into the constitution of Elcsa were seen to have some unacceptable consequences on other areas of the Church" kunne ein til slutt ikkje akseptere dei.<sup>23</sup> Når Nesvåg kort reflekterer over vedtaket, antyder han at det attspeglar ei generell utvikling med "økende polarisering i raseforholdet", at holdningane blir meir og meir tilspissa på begge sider av raseskillet og med tiltakande gjensidig frustrasjon og frykt. Og han kommenterer at "det var en skuffelse for mange i menigheten at forhandlingene har strandet, p.g.a. tekniske problemer angående konstitusjonelle spørsmål".<sup>24</sup>

Heller ikkje dei neste åra førte forhandlingane fram, og ein kan spore ein viss slitasje og frustrasjon hos Jostein Nesvåg og John Daniel Solheim (f. 1950), som tok over som prest i 1980.<sup>25</sup> Arbeidet med denne saka tok tidvis mykje tid og krefter, men utfallet så langt var magert. Men etter at ELCSA-SER på nytt hadde blitt forhandlingsmotpart, vart det framgang i forhandlingane. I rapporten frå misjonærsamveret i 1984 høyrer vi om optimisme for første gang sidan Monstad på byrjinga av 70-talet uttrykte forventninga om at St. Olav kom til å ha ein nøkkelposisjon for å skape forståing mellom svarte og kvite. "Når det gjelder vårt forhold til ELCSA, ser det endelig ut til at vi skal gjøre ende på en lang frustrasjonstid".<sup>26</sup> Solheim seier at tida har kome for at St. Olav må bestemme seg for å seie ja eller nei til ELCSA. Han "håper og ber at St. Olav nå ser at vi ikke kan





leve isolert til evig tid". Etter å ha samtala med leiinga i NMS, har Solheim fått stadfesta at organisasjonen ønskjer at St. Olav skal gå inn i ELCSA, og at ein ser "med interesse og velvilje på det brobyggerarbeidet som drives gjennom vårt arbeid". Denne forståinga av St. Olavs rolle som brubyggjar mellom kvite og svarte har stått fast frå byrjinga av 1970-talet og har fungert som ei legitimering av NMS sitt engasjement i kyrkjelyden. No såg det ut som at ei viktig brikke i NMS' strategi var i ferd med å falle på plass. Også biskop Gunnar Lislerud, tidlegare misjonær i Sør-Afrika i 19 år utsendt av Schreudermisjonen, og som heldt seg godt orientert om kyrkjelivet i Sør-Afrika gjennom ulike engasjement i Det Lutherske Verdsforbund og ulike typar kyrkjeleg arbeid mot apartheid, formidla i eit intervju med *Norsk Misjonstidene* at han hadde tru på at St. Olav kom til å gå inn i ELCSA.<sup>27</sup> I intervjuet understrekar han også misjonens rolle som brubyggjar mellom svarte og kvite. Utan at han direkte seier det, er det nærliggande å lese at dette også er sagt med tanke på engasjementet i St. Olav.

### **St. Olav seier nei til ELCSA – NMS bryt samarbeidet**

I mars 1985 kom saka opp til endeleg votering på eit medlemsmøte. Året før hadde det vore ei prøvevotering som sa ja til forslaget som var forhandla fram med ELCSA. Men saka tok ei overraskande og dramatisk vending då eit medlem sette fram eit endringsforslag. Dette gjekk ut på at ein ikkje skulle stemme over forslaget som kyrkjelydsrådet hadde sett fram om å gå inn i ELCSA, men at ein i ein interimperiode på fem år skulle holde tett kontakt med ELCSA med tanke på vidare samtaler om medlemskap. Fleirtalet av dei som var på medlemsmøtet støtta dette forslaget. Leiaren av kyrkjelydsrådet, dr. Walter Loening, delar av rådet og fleire andre kunne ikkje akseptere eit forslag som i realiteten gjekk ut på å oppretthalde status quo, og braut umiddelbart med St. Olav. I følgje tillitsmann Idar Ludvigsen (f. 1950) forlet "nesten alle aktive medlemmer i St. Olav" kyrkjelyden, inkludert Dean Nisse Joeleson (som hadde fungert som prest sidan august 1984) med det resultatet at alle verv sto tomme.<sup>28</sup> Desse ville etablere ei ny kyrkje med tanke på å gå inn i ELCSA. Måten Ludvigsen framstiller det som skjedde på, tyder at mindre aktive medlemmar i kyrkjelyden hadde mobili-



sert og kuppå møtet. Dette er også Jostein Nesvågs forståing av det som skjedde.<sup>29</sup> Stemmer Monstads karakteristikk av norske settlarar som "erkekonservative" og "reaksjonære," var det kanskje ikkje så overraskande at motstanden mot å gå inn i ei svart kyrkje til slutt seira.

Tillitsmannen gav full støtte til utbrytarane, og skriv at det dei gjorde var "det eneste moralske riktige" i den situasjonen som hadde oppstått. Han tok også kontakt med Walter Loening og "forsikret han om all mulig hjelp og bistand i den utstrekning det er mulig." På spørsmålet frå den nye leiaren av kyrkjelydsrådet i St. Olav om han kunne tenke seg å ta gudstenester og eventuelt å bli prest der svarte han "et klart og definitivt NEI! for å indikere min holdning og vise solidaritet med de som har forlatt [St. Olav], samt at det er helt urealistisk, moralsk og praktisk". I eit brev til misjonssekretær Ola Sandland legg Ludvigsen til at "det er viktig at NMS holder en stø kurs i denne sak om det skulle komme en henvendelse heimover fra det nye menighetsråd i St. Olav".<sup>30</sup> Her var NMS på linje med toppleiinga i ELCSA. Generalsekretær Assur uttaler til *Norsk Misjonstidende* at han er veldig glad for at dei som gjekk ut av St. Olav viste i handling at apartheid er galt, og håper dei vil danne ein ny kyrkjelyd og gå inn i ELCSA. Han uttrykker også håp om at dette kan gje kvite kristne som veit at apartheid er galt, mot til å handle.<sup>31</sup>

I sin rapport etter ei tenestereise til Sør-Afrika i november 1997 understrekar generalsekretær i NMS, Odd Bondevik, at det er uaktuelt å ta opp at samarbeidet med St. Olav. Han er tydeleg på at brotet med St. Olav har å gjere med apartheidsspørsmålet. Han karakteriserer apartheid som ein "antikristen ideologi på linje med nazismen" det er umogeleg for kristne, både i Noreg og i Sør-Afrika, å stille seg nøytral til. Derfor vil eit nei – uansett motivering – "til å gå inn i ELCSA bli tolket som en (i alle fall indirekte) støtte til det bestående system i landet. Det vil m.a.o. være et negativt vitnesbyrd i en situasjon der det er tvingende nødvendig å bekjenne også i handling at en tror på kristen enhet på tvers av rasesekiller." Bondevik viser vidare til at generalforsamlinga i Det lutherske Verdsforbund i 1977 erklærte apartheidsspørsmålet for å vere eit vedkjenningspørsmål (status confessionis), og til at generalforsamlinga i 1984



på denne bakgrunnen vedtok å suspendere medlemsskapet til to kvite lutherske kyrkjer i Sør-Afrika på grunn av deira uklare standpunkt i apartheidsproblemet. Bondevik var forøvrig sjølv med å stemme for suspensjonen på generalforsamlinga. Han plasserer St. Olav i same kategori som desse to kvite lutherske kyrkjene. Ingen har "tatt et klart standpunkt mot apartheid ved å søke medlemskap i svarte lutherske kirker". Skulle det vere aktuelt å ta opp samarbeidet, måtte det komme tydelege signal om at St. Olav var villig til å gå tilbake på vedtaket frå 1985. Det var ikkje tilfelle.

I ettertid seier Bondevik at St. Olav var den viktigaste saka for NMS i denne perioden for å markere organisasjonens holdning til apartheid.<sup>32</sup> Strategien for NMS med St. Olav viste seg å vere mislukka, visjonen og målsettinga med samarbeidet vart ikkje realiserte all den tid St. Olav ikkje var villig til å bli ein del av den svarte lutherske kyrkja i Sør-Afrika. NMS trakk konsekvensen av det, og braut samarbeidet med kyrkjelyden.

Som nemnt tidlegare var det ingen av dei kvite settlarkyrkjene som gjekk inn i ELCSA. Dermed reflekterer holdninga til fleirtalet av medlemmane i St. Olav den rådande holdninga blant kvite lutherske settlarkyrkjer i Sør-Afrika. Sett i dette perspektivet var ikkje det valet St. Olav tok i spørsmålet om å slutte seg til den svarte lutherske kyrkja overraskande eller noe ekstraordinært. Fleirtalet av dei norske settlarane som var medlemmar i St. Olav hadde grunnleggande sett same holdning og oppfatning som medlemmar av andre lutherske settlarkyrkjer. Men på eit område skilde likevel St. Olav seg ut frå andre kvite lutherske settlarkyrkjer: Det var ingen andre settlarkyrkjer som hadde eit så tett samarbeid med ein misjonsorganisasjon som St. Olav hadde der grunngevinga til organisasjonens samarbeid var at ein ville arbeide for at kyrkjelyden skulle slutte seg til den svarte lutherske majoritetskyrkja og slik bli eit teikn på forsoning. I alle høve har eg ikkje komme over døme på dette.<sup>33</sup> Om så hadde vore tilfelle, ville det naturlegvis vore interessant å ha samanlikna med NMS si tenking, strategi og handtering av situasjonen i St. Olav for å spore likskapar og forskjellar. Ein finn heller ikkje noen parallell case innanfor Den anglikanske kyrkja. Her vart alle kyrkjelydar ein del av den nasjonale kyrkja frå starten av. Dermed unngjekk anglikanarane ei splitting langs etniske skiljelinjer.



### **Etterspel: NMS, St. Michael og Sjømannsmisjonen**

Dei som forlet St. Olav etablerte kyrkjelyden St. Michael, og melde seg inn i ELCSA. Desse handla etter NMS sitt syn moralsk rett i forhold til apartheidsproblemet. Dei realiserte det som var visjonen for og det som legitimerte engasjementet i St. Olav, men som ein ikkje lukkast med å realisere. Det var derfor ikkje unaturleg at misjonæra såg det som sitt ansvar å gje moralsk og praktisk støtte til denne vesle kyrkjelyden. Kort tid etter brot skreiv Ludvigsen til heimeleiinga at desse som gjorde det einaste moralsk rette "trenger mye forbønn og moralsk støtte på alle vis" og slår fast at hans holdning er å hjelpe dei der det er mogeleg for han.<sup>34</sup> I årsrapporten for 1985 skriv misjonsprest Per Anders Nordengen (f. 1953) at han følte det "som en forpliktelse (som NMS-prest) å hjelpe til for de som våget å ta den modige og riktige beslutningen å bryte med en kirke som ikke er villig til å leve i fellesskap med ALLE Guds barn", og hadde derfor tatt på seg ulike oppgaver i kyrkjelyden:<sup>35</sup>

Nordengen bidro med geistlege tenester til kyrkjelyden fekk eigen prest i april 1986. Etter dette tidspunktet vart misjonæra engasjement i forhold til St. Michael primært kanalisert gjennom forsøket med å skaffe eigna kyrkjelokale. Den norske Sjømannsmisjonen bestemte seg for å avvikle arbeidet i Durban og skulle derfor selje sjømannkyrkja. ELCSA ynskte å kjøpe denne eignedomen til kyrkje- og konferansesenter, og til kyrkjehus for kyrkjelydane St. Michael og Moore Road, ein svart kyrkjelyd som nyleg hadde missa kyrkja si i brann. Begge fekk leige kapellet i sjømannkyrkja til kyrkjelege handlingar, og var no i ferd med å slå seg saman. St. Michael gjorde i brev til generalsekretær Halfdan Bondevik (f. 1931) i Sjømannsmisjonen greie for kvifor ein ynskte å kjøpe eignedomen og om plan for finansiering. Her blir det lagt forholdsvis stor vekt på at samanlåinga av desse kyrkjelydane vil vere ein demonstrasjon mot apartheidpolitikken. Det vil vise at "ELCSA is a non-racial church in this land of enforced apartheid .... At this point in the development of South Africa the Christian church has a vital role to play."<sup>36</sup>

I brev til misjonssekretær Sandland understreka tillitsmann Thor Halvor Hovland (1952-2000) at det er så unikt i Sør-Afrika at ein svart og kvit kyrkjelyd vil slå seg saman "at vi som



misjonsselskap bør gjøre kva vi kan for å støtte dem”.<sup>37</sup> Hovland meinte at NMS burde skrive brev til hovudstyret i Sjømannsmisjonen der ein grunngav kvifor ELCSA bør få kjøpe sjømannkyrkja. Biskop Dlamini, og sannsynlegvis andre i krinsen rundt St. Michael, håpa på at NMS kunne påverke Sjømannsmisjonen til å selje til ELCSA.<sup>38</sup> NMS tok kontakt to gangar for å tilrå at ELCSA skulle få kjøpe kyrkja i Durban, og fekk signal om at leiinga i Sjømannsmisjonen ynskte å gjere det.<sup>39</sup>

Men så viste det seg at hovedstyret i Sjømannsmisjonen vurderte det slik at finansieringsplanen til ELCSA ikkje var solid nok. Då dette vart kjent, tok NMS på nytt kontakt med Sjømannsmisjonen og bad dei om å utsette salet. Tanken var at ELCSA skulle få litt betre tid på seg til å ordne finansiering. ELCSA bad om ein månad ekstra frist. Hovland kommenterer at ELCSA ikkje var ”trege, men de trenger faktisk litt tid for at vedtak skal gjennomføres og søknader sendes til rette instanser.” Hovudstyret i Sjømannsmisjonen tok ikkje oppfordringa frå NMS (og andre) til følgje, og valde å selje eigedommen i Durban til ein organisasjon som arbeider for tunghøyrde og døve, Natal Association of the Deaf.

Dette vedtaket vakte sterke reaksjonar, og det utløyste ei uvanleg krass meiningsutveksling i den kristne dagspressa mellom representantar for Den norske kyrkja og kristne organisasjonar som normalt stod kvarandre nær. I denne samanhengen er det korkje plass til eller nødvendig å gå grundig inn i denne kontroversen, men nokre hovudmoment skal nemnast. Frå kyrkeleg hold uttalte Biskop Aarflot (f. 1928) i Oslo til *Vårt Land* at han var skamfull og hevda at ”Sjømannsmisjonen har gjort et fatalt feilgrep når de valgte å selge kirken til en annen institusjon enn vår søsterkirke i Sør-Afrika”. Aarflot besøkte St. Olav i samaband med hundreårsjubileet i 1980 der han rosa kyrkjelyden for tilnærminga til ELCSA, og overgav ved dette høve tilsynsansvaret til biskop i ELCSA-SER, Dlamini. Han besøkte også kyrkja i samband med prøveavstemninga i 1984 og var ein pådrivar for St. Olav skulle gå inn i ELCSA.<sup>40</sup> Oslobiskopen var dermed godt informert om utviklinga i ELCSA og St. Olav. Teologisk konsulent i Mellomkyrkjeleg råd, Halvor Nordhaug (f. 1953), følgde opp ved å uttale at ”forholdet mellom Den norske kirke og den evangelisk-lutherske kirken i Sør-Afri-



ka er blitt belastet som følge av at ELCSA ikke fikk kjøpe sjømannskirken i Durban.” Frå NMS hold retta Jostein Nesvåg, Per Anders Nordengen og Thor Halvor Hovland krass kritikk mot Sjømannsmisjonen i denne saka. Sistnemnde var tillitsmann blant misjonæranne på dette tidspunktet, Nordengen hadde nettopp flytta heim til Noreg, og Nesvåg kjende tilhøva i ELCSA og St. Olav godt etter å ha vore prest i kyrkjelyden i ei årrekke. Dei hevda at i ELCSA og blant medlemmane i St. Michael vart salet til døveorganisasjonen oppfatta som eit svik, og siterte personar som sa at det gjekk inn i eit mønster som stadfesta at ”kvite menneske er like, enten dei nå bur i Pretoria eller i Norge”.<sup>41</sup>

Generalsekretær Halfdan Tschudi Bondevik på si side hevda at Sjømannsmisjonen ynskte å selje til ELCSA og viste til at organisasjonen hadde gjort mykje for å legge tilhøva til rette for at ELCSA kunne komme med bod på sjømannskyrkja. Representantar frå ELCSA har ”gjennom lengre tid vært holdt løpende orientert om mulig avvikling i Durban,” dei har fått informasjon om tidsplan for avviklinga og det vart fleire ganger gjort klart for dei at det måtte ligge føre bod før hovudstyret kunne ta stilling til sal, slår han fast. Bondevik hevdar vidare at Sjømannsmisjonen informerte ELCSA om at døveorganisasjonen hadde lagt inn bod, og at ein gjorde forsøk på å få eit bod frå ELCSA på bordet. Ikkje minst hadde Sjømannsmisjonen i mellomtida kontakta ”gjentatt ganger Det lutherske verdensforbund, Norsk mellomkirkelig råd, Det norske Misjonsselskap og Utenriksdepartementet for å sette ELCSA i stand til å legge fram anbud.”<sup>42</sup> Ingen av desse initiativa frå Sjømannsmisjonen resulterte i bod frå ELCSA. Det einaste dei høyrde frå ELCSA, i følge Bondevik, var ei oppmoding om å utsette salet, som kom inn berre nokre timar før styret skulle ha det avgjerande møte. Men heller ikkje denne forespørselen inneheld noko antydning om finansiering, hevda Bondevik.

Kritikken mot Sjømannsmisjonen dreia seg primært om to forhold. For det første gjekk den på at hovudstyret handla alt for formalistisk. Og for det andre, at Sjømannsmisjonen ikkje tok tilstrekkeleg omsyn til den lange og tette relasjonen Den norske kyrkja hadde med ELCSA gjennom samarbeidet med NMS, og at organisasjonen ikkje viste den nødvendige forstå-



inga for rekkevidda av søsterkyrkjerelasjonen og det å støtte ei kyrkja som var hardt pressa på grunn av den politiske situasjonen i landet.

Litt om det første først. Både Hovland, Nordengen og Nesvåg viser til at det var gjeve garantiar om 700 000 kroner frå norske kjelder (Utanriksdepartementet og Kirkens Nødhjelp), som utgjorde totredjedelar av kjøpesummen.<sup>43</sup> Dette hadde fungerande generalsekretær i Mellomkyrkjeleg Råd, Atle Sommerfeldt, formidla til hovudstyret. Han informerte også om at han nokre dagar seinare skulle til Sør-Afrika, og der ville han ta kontakt med ELCSA slik at resterande pengesum og formalitetar med søknad skulle komme på plass til neste gang styret skulle ha møte. Kritikarane hevda Sjømannsmisjonen visste at det var sterkt engasjement i Noreg for å få resten av finansieringa på plass, og dei var fullstendig klar over at ELCSA ynskte å kjøpe kyrkja. Kvifor kunne ikkje då Sjømannsmisjonen gå med på å utsette salet med ein månad slik ELCSA og dei norske støttespelarane bad om, spurde dei. Nordengen problematiserer korkje at Sjømannsmisjonen i utgangspunktet ynskte å selje til ELCSA eller at det ut frå norsk tenkemåte om formalia hadde komme inn berre eitt bod då tidsfristen var gått ut, og det var frå dødeorganisasjonen. Men han meiner at handlemåten til hovudstyret viser mangel på "tålmodighet med søsken som ikke tenker på samme formelle måte som oss."<sup>44</sup> Generalsekretær Bondevik på si side nektar for at det var gjeve forpliktande garantiar frå Den norske kyrkja om å stille på beina den nødvendige kapitalen, slik biskop Aarflot påstår i intervju med Vårt Land.<sup>45</sup> Og legg til: "Med undring registrerte vi hvor lett saken synes å være å [sic] løse i ELCSA's favør etter at den var avgjort, tross våre mange forgjeves forsøk på å hjelpe dem til slik løsning innen fristen".<sup>46</sup> Ein skal merke seg at det Bondevik her tilbakeviser er at det har blitt gjeve bindande garantiar for "den nødvendige kapitalen", som er rimeleg å forstå som heile beløpet det var snakk om. Han nektar altså ikkje for at Sjømannsmisjonen hadde fått informasjon om at eit beløp på 700 000 kroner, og som altså utgjorde totredjedelar av kjøpesummen, var på plass. Ut frå kjeldene er det ikkje mogeleg å ta stilling til om dette er blitt formidla i ei form som var juridisk bindande. Sidan det er så mange aktørar i debatten med sentral



plassering i det norske kyrkjelandskapet som hevdar at det var gjeve løfte om 700 000 kroner frå norske kjelder, er det lite truleg at dette ikkje er blitt formidla til Sjømannsmisjonen. Fleirtalet i hovudstyret sa altså nei til utsetting av salet sjølv om dei var vel kjende med ELCSA si interesse, at dei med all sannsynlegheit var klar over at det var kome løfte om 700 000 kroner frå norske kjelder og at ELCSAs venner i Noreg arbeidde for ei fullfinansiering. Styret vurderte tydelegvis ikkje desse planane som realistiske nok.

For det andre, som alt nemnd, hevda kritikarane at Sjømannsmisjonen ikkje tok tilstrekkelig omsyn til at ELCSA var ei søsterkyrkje Den norske kyrkja gjennom NMS sitt arbeid hadde hatt lange relasjonar til, og som no levde under særst vanskelege kår. Det vart understreka at ved å selje til ELCSA vil dette vere eit handslag, ei solidaritetshandling med kristne sysken som hadde det vanskeleg. Eit viktig moment for kritikarane var at i den noverande situasjonen med splitting mellom svarte og kvite lutheranar i Sør Afrika, var det eit vitnesbyrd at utbrytarane frå St. Olav og medlemmane av den svarte kyrkjelyden som hadde missa kyrkja si i brann, ville slå seg saman til ein kyrkjelyd, og at det gjaldt å støtte opp om dette vitnesbyrde. I eit debattinnlegg oppsummerer Jostein Nesvåg på ein presis måte essensen i argumentasjonen hos dei som meinte at det var svært viktig at ELCSA skulle få kjøpe sjømannskyrkja.<sup>47</sup> Etter først å ha understreka dei lange og djupe relasjonane til ELCSA, viser han til det faktumet at dei kvite lutheranarane har vald å stå utanfor det svarte kyrkjefellesskapet og til det mislukka forsøket på å få St. Olav til å gå inn i ELCSA. I denne situasjonen er det viktig å støtte dei huslause utbrytarane frå St. Olav og den huslause svarte kyrkjelyden som no hadde slått seg saman til ein kyrkjelyd. Han skriv: "De to menighetene er nå slått saman. Dette er et vitnesbyrd som den lutherske kirken i SA sårt trengte. Fra Norge har man ønsket å gi dette samarbeidet all støtte fordi det nettopp er i tråd med det syn Den norske kirke har i den sør-afrikanske situasjonen." Nesvåg (og dei andre kritikarane) hevdar altså at i tillegg til den lange og djupe relasjonen mellom Noreg og ELCSA, burde Sjømannsmisjonen ha seld kyrkja til ELCSA av ideologiske eller teologiske grunnar fordi det ville ha støtta vitnesbyrde om forsoning. Det går med





andre ord ei tydeleg linje frå NMS si motivering og målsetting med å gå inn i St. Olav, og til misjonæranes Nesvåg, Nordengen og Hovlands engasjement i favør av at Sjømannsmisjonen burde ha selt sjømannskyrkja i Durban til ELCSA. Utbrytarane frå St. Olav stod fram i misjonæranes augo som ”den sanne resten,” som realiserte visjonen om forsoning mellom kvite og svarte lutheranarar, og som derfor fungerte som eit profetisk teikn i forhold til apartheidsamfunnet.

### **Konklusjon: St. Olav – døme på eit mislukka misjonsprosjekt?**

Då NMS vedtok å gjenopprette samarbeidet med St. Olav i 1968 med å stille prest i full stilling til disposisjon og å formalisere samarbeidet i ei avtale i 1976, var kyrkja i all hovudsak ei kvit skandinavisk settlarkyrkje. St. Olav hadde, i likskap med dei andre kvite settlarkyrkjene, sagt nei til å gå inn i den svarte lutherske kyrkja då ho vart organisert i fem regional kyrkjer på 1960-talet. Utover på 1970-talet vaks det fram ei aukande erkjenning av at det var problematisk at lutheranarane var delte etter etnisk tilhøyrighet, og kunne lett skape inntrykk av at dei støtta apartheidpolitikken.

Vi har sett at eit motiv for NMS å samarbeide med St. Olav var at ein meinte at skandinaviske settlarar i Durbanområdet utgjorde ei misjonsmark. Men dette synest ikkje å vere det drivande motivet. Hovudmålsettinga var eit ønske om å skape forsoning mellom kvite og svarte lutheranarar som skulle manifestere seg i at St. Olav gjekk inn i den svarte lutherske kyrkja. Samarbeidet med St. Olav var tufta på eit ønske eller strategi om å påverke kyrkjelyden til å velje og slutte seg til ELCSA. Visjonen var altså at St. Olav skulle spele ei forsonande rolle mellom svarte og kvite lutheranarar og slik vere eit instrument i kampen mot apartheid. Denne målsettinga blir stadig vekk uttrykt både direkte og indirekte i kjeldene for den aktuelle perioden. Då fleirtalet på det dramatiske kyrkjelydsmøte i mars 1984 valde å seie nei til ei avtale som var forhandla fram mellom leiarskapen i St. Olav og ELCSA ved å be om utsetting i fem nye år, hadde NMS si målsetting og visjon med samarbeidet i realiteten spelt falitt. Gruppa av medlemmar i St. Olav som



hadde kjempa for samanslåing med ELCSA trakk seg ut av kyrkjelyden og NMS braut alt samarbeid med St. Olav.

Misjonærane såg det som si moralske plikt å hjelpe utbrytarane, som etablerte ei ny kyrkje, St. Micahel, og melde seg inn i ELCSA. I deira augo stod desse fram som den "sanne rest" frå St. Olav. Då dei slo seg saman med ein liten svart luthersk kyrkjelyd som hadde blitt huslause, var det desto større grunn til å støtte denne kyrkjelyden. Dette materialiserte seg i at norske misjonærar bidrog med prestetenester inntil kyrkjelyden fekk eigen prest. Kyrkjelyden fekk låne lokale i sjømannskyrkja i Durban. Då Sjømannsmisjonen valde å avvikle arbeidet i Durban, ynskte ELCSA å kjøpe sjømannskyrkja, mellom anna med tanke på at St. Michael skulle få faste lokalitetar. NMS, og andre norske kyrkjeleg aktørar, hadde kontakt både med ELCSA og Sjømannsmisjonen i forkant av salet for å få dette til. Men då fristen for bod var gått ut, vurderte hovudstyret i Sjømannsmisjonen det slik at ELCSA ikkje hadde lagt fram tilfredsstillande plan for finansiering, og valde å sjå bort frå oppmodinga frå ELCSA, NMS og andre norske støttespelarar om å utsette salet ein månad. NMS-misjonærane vart opprørte over vedtaket og retta i den kristne dagspressa krass kritikk mot Sjømannsmisjonen for å vere for formalistiske, og ikkje minst at organisasjonen ikkje tok tilstrekkeleg omsyn til at ELCSA var ei søsterkyrkje med lange og tette band til Noreg. Å selje til ELCSA ville vore ei handstrekking til ei hard prøvd kyrkje i ein særskilt krevjande situasjon.

Så kan ein til slutt stille spørsmål om NMS sitt engasjement i St. Olav var mislukka? Naturlegvis kan det hevdast at det hadde sin verdi i seg sjølv at NMS bidrog med kyrkjeleg arbeid blant skandinaviske settlarar i Durbanområdet. Men dersom ein legg til grunn det som var formulert som den primære målsettinga eller visjonen med å gå inn i St. Olav, blir konklusjonen at arbeidet ikkje lukkast. St. Olav vart aldri eit teikn på forsoning og gjekk aldri inn i ELCSA. Heller ikkje NMS sitt engasjement for å skaffe lokale til utbrytarane av St. Olav og den svarte kyrkjelyden dei hadde slått seg saman med, lukkast. Om ein hadde fått dette til, kunne det ha blitt oppfatta som ei delvis realisering av strategien for å gå inn i St. Olav, nemleg å bidra til og støtte opp om forsoning mellom kvite og svarte luthera-



narar. Det er altså, på den eine sida, saksvarande på basis av målsettinga i all hovudsak å karakterisere engasjementet i St. Olav som døme på eit mislukka misjonsprosjekt. På den andre sida fekk NMS i ulike fasar i dette samarbeidet, og ikkje minst gjennom brotet, markert ei tydleg holdning til apartheidspørsmålet. Og kanskje var det så verdfullt i seg sjølv at vi skal vere noko meir tilbakehaldne med å trekke den endelege konklusjonen om verdien av NMS sitt engasjement i St. Olav.

## Noter

- <sup>1</sup> For ei god og kort innføring i temaet, sjå Nancy L. Clark & William H. Worger, *South Africa. The Rise and Fall of Apartheid*, London: Pearson, 2004.
- <sup>2</sup> Berit H Agøy, *Den tvetydige protesten. Norske misjonærer, kirker og apartheid i Sør-Afrika, 1948-ca 1970*, hovedoppgave i historie, UiO, 1987, 229-338; "Norske misjonærer, lutherske kirker og apartheid i Sør-afrika 1948-63," *Historisk Tidsskrift* 72 (1993) 145-180, her s. 153.
- <sup>3</sup> Til dette sjå Gunnar Lislerud, "Luthersk kirkedannelse i Sør-Afrika," *Norsk Tidsskrift for Misjon* 52 (1998) 81-96 og 131-146. For ein grundig studie av framveksten av ei sjølvstendig Norsk Zulukyrkje, sjå H. Mellemsæther, *Misjonærer, settlersamfunn og afrikansk opposisjon: striden om selvstendigjøring i den norske Zulukirken, Sør-Afrika ca 1920-1939*, PhD, NTU, Trondheim 2001.
- <sup>4</sup> H. Fosseus, *Mission blir kyrka. Luthersk kyrkobildning i södra Afroka 1957-1961*, Stocholm: Verbum, 1974. 1974; Agøy, "Norske misjonærer" 155.
- <sup>5</sup> Agøy, "Norske misjonærer" 155f.
- <sup>6</sup> Agøy, *Den tvetydige protesten* 76-87.
- <sup>7</sup> For ei kort og enkel innføring i St. Olavs historie, sjå M.F.Lear (ed.), *The St. Olav Lutheran Church 1880-1980*, Durban: Unity Publications, 1980.
- <sup>8</sup> Misjonsamværet (MS) 1971 s. 10. Alle rapportar frå det årlege Misjonsamværet er tilgjengelege hos Misjonsarkivet, Stavanger.
- <sup>9</sup> MS 1971 s. 10.
- <sup>10</sup> Epost av 04.06.09 til forfattaren.
- <sup>11</sup> Misjonsarkivet, Generalsekretær, Sør-Afrika, 1971-1981.
- <sup>12</sup> MS 1971 s. 10.
- <sup>13</sup> MS 1971 s. 10.
- <sup>14</sup> MS 1972 s. 7.
- <sup>15</sup> Jamfør til dømes MS 1973 s. 9; MS 1974 s. 17; MS 1975 s. 7; 1977 s.8; 1979 s. 6.
- <sup>16</sup> Til dømes MS 1971 s. 11.
- <sup>17</sup> MS 1971 s. 11f.
- <sup>18</sup> MS 1972 s.7.
- <sup>19</sup> MS 1971 s. 11.



- <sup>20</sup> MS 1975 s.7.
- <sup>21</sup> M.F.Lear (red.), *The St. Olav Lutheran Church 1880-1980*, 72
- <sup>22</sup> MS 1977, s. 8.
- <sup>23</sup> M.F. Lear 1980: 72.
- <sup>24</sup> MS 1978 s. 7.
- <sup>25</sup> "Når det gjelder våre bestrebelser for å få St. Olav menighet integrert i ELCSA, må jeg dessverre med sorg og frustrasjon meddele at vi ikke har kommet noe videre" (Nesvåg i MM 1979:6); "Forsøket på å få en løsning på spørsmålet om St. Olav's innlemmelse i ELCSA har tatt mye av vår oppmerksomhet også i år" (Nesvåg i MM 1980 s. 5; "Når det gjelder St. Olav's forhold til ELCSA, er det ikke noe særlig nytt å berette, dessverre" (Solhaug i MS 1982 s. 8).
- <sup>26</sup> MS 1984, 25.
- <sup>27</sup> Norsk Misjonstidene nr. 9, 1984, s. 23.
- <sup>28</sup> Brev av 01.04.1985 frå tillitsmann Idar Ludviksen til misjonssekretær Ola Sandland, Misjonsarkivet, Sør-Afrika, tillitsmannen.
- <sup>29</sup> Intervju Pietermaritzburg 17.11.2009.
- <sup>30</sup> Brev av 01.04.1985 frå tillitsmann Idar Ludviksen til misjonssekretær Ola Sandland.
- <sup>31</sup> *Norsk Misjonstidene* 14, 1985.
- <sup>32</sup> Intervju med artikkelforfattaren, Stavanger 23.03.09
- <sup>33</sup> Heller ikkje ein av dei fremste kjennarane av tysk misjonshistorie, Jobst Reller, kjenner døme på at tyske misjonsselskap samarbeida med lutherske settlarkyrkjer der den primære målsettinga med arbeidet var å påverke kyrkjene til å gå inn i ELCSA, epost til artikkelforfattaren av 27.09.2011.
- <sup>34</sup> Brev av 01.04.1985, Misjonsarkivet, Sør-Afrika, tillitsmannen 1983-1991.
- <sup>35</sup> MS 1986 s. 23.
- <sup>36</sup> Brev av 02.03.87, Misjonsarkivet, Sør-Afrika, tillitsmannen 1983-1991.
- <sup>37</sup> Brev av 12.03.87, Misjonsarkivet, Sør-Afrika, tillitsmannen 1983-1991.
- <sup>38</sup> Brev til misjonssekretær Sandland av 05.03.87, Misjonsarkivet, Sør-Afrika, tillitsmannen 1983-1991.
- <sup>39</sup> Rapport frå reise til Sør-Afrika 02.11.-18.11.1987 v. Odd Bondevik, Misjonsarkivet.
- <sup>40</sup> Ifølge Nesvåg var det fleire som reagerte på at Aarflott overførte tilsynet til den lokale biskopen utan å ha rådført seg med andre, men hevdar at dette var viktig på det dåvereande tidspunktet for å knytte St. Olav tettare opp til ELCSA, epost til forfattaren av 4. juni 2009.
- <sup>41</sup> Per Anders Nordengen i Dagsrevyen 29.04.87, sitert etter Halfdan Tschudi Bondevik, *Vårt Land* 07.05.1987.
- <sup>42</sup> *Vårt Land* 07.05.1987.
- <sup>43</sup> Per Anders Nordengen, "Sjømannskirken i Durban," *Dagen* 12.05, 1987; Thor Halvor Hovland, "Salg av kirken i Durban," *Vårt Land* 22.05.1987; Jostein Nesvåg, "Sjømannskirken i Durban," *Vårt Land* 03.06.1987.
- <sup>44</sup> Per Anders Nordengen, "Sjømannskirken i Durban," *Dagen* 12.05.1987.
- <sup>45</sup> *Vårt Land*, 30.04.1987.



<sup>46</sup> Halfdan Tschudi Bondevik, "Salget av sjømannskirken i Durban," Dagen 08.05.1987.

<sup>47</sup> Jostein Nesvåg, "Sjømannskirken i Durban," Vårt Land 03.06.1987.

*Odd Magne Bakke*, f. 1962. Utdanning: Cand. theol. Misjonshøgskolen 1989, Dr. theol. Univ. i Oslo, 1998. Yrkesbakgrunn: Førsteamanuensis i kyrkje-og misjonshistorie ved Misjonshøgskolen (1998-2005), Stavanger. Professor i kyrkje-og misjonshistorie ved Misjonshøgskolen (2005 -).

### **The Norwegian Mission Society's Cooperation with St. Olav Church in Durban: A Story about Visions that Failed**

Since the St. Olav Church in Durban was established in the 1880's it was a church for Scandinavian settlers, of these mainly Norwegians. Missionaries of the Norwegian Mission Society (NMS) were active in the church and served as pastors until 1922. From that year the Seamen's Mission (SM) took over the responsibility of obtaining pastors. After the SM withdrew to establish its own work for Norwegian seamen, NMS renewed its involvement with St. Olav in 1968. St. Olav had, like the other white Lutheran settlers churches, refused to become a part of the black Lutheran Church, the Evangelical Lutheran Church of Southern Africa (ELCSA), when the latter was established as five regional churches in the 1960s. There was a prevailing opinion in ELCSA, and also in The Lutheran World Federation (LWF), that it was primarily because of racist attitudes that the white churches did not accept to become part of the black Lutheran church. At the General Meeting of LWF in 1977 apartheid was defined as heresy. NMS was thus in danger of legitimizing segregated Lutheran churches, and providing indirect support to the apartheid policy and ideology.

This article examines what was the NMS's goal or vision for the collaboration, and to what extent these were met. The article demonstrates that the vision for the missionaries was to influence the church to join the black Lutheran church, and become a sign of reconciliation between black and white in an increasingly segregated society.



When the majority of the members of the congregation in a dramatic meeting in 1984 refused to accept an agreement that was negotiated between the leadership of St. Olav and ELCSA, it represented the defeat for the goal of the involvement of NMS in the church. Thus NMS withdrew from all cooperation with St. Olav.

The group of members at St. Olav which had been in favor of the church joining ELCSA also withdrew, and established a new church, St. Michal. The missionaries felt morally obliged to support this "true remnant" of St. Olav, and contributed with clerical services. Not long afterwards St. Michel joined a homeless black church, and realized in a sense the vision NMS had with St. Olav. When the SM in 1987 closed down the work in Durban, ELCSA wanted to buy the church building to secure St. Michal permanent locations. After the SM sold to an organization for deaf people on the grounds that ELCSA had not presented any obligating financial plan, several NMS missionaries directed harsh criticism against the organization for, according to their view, not showing solidarity with a severely tried sister church.

